



## Årsmelding 2003 Vestlandske Teatersenter





## INNHALD

1. Den kunstnariske plasseringa
2. Melding frå styret 2003
3. Rekneskap 2003
4. Revisjonsmelding
5. Styret, valnemnd og revisor
6. Personalet
7. Aktivitetar i 2003
8. Vedtekter for Vestlandske Teatersenter

## 1. DEN KUNSTARISKE PLASSERINGA

Barn treng teater og teater treng barn. Barn som tidleg får møte teaterformen er bra. Det kan ikkje statistikkar visa oss, men den sunne fornuften. Barn og unge treng òg ein eiga scene som er skapt for dei. Til det unge publikummet, som ønskjer ein teateroppleving som snakkar direkte til dei og deira liv. Òg til dei som ønskjer å vise for eit større publikum kva dei har lært etter mange år som elevar på Teaterskolen. Sjølv sagt gjer det noko med eit barn, som frå 6 års alderen og fram til 20 åring, har fått møte teaterforma gjennom undervisning, leik, litteratur og læren om korleis ein framsyning blir til, frå manus til prøver til applaus etter teppefall. Kvifor skulle ikkje Norges nest største by se det som ei prioritert oppgåve å få etablert ein fast scene for barn og unge? Kvifor skulle ikkje Bergen bli den første?

I Sverige har dei til dømes dramatisert "Et dukkehjem" av Henrik Ibsen for barn som gav ein ny teateroppleving for dei unge. Ungane fekk ta del i "dei vaksnes" teateropplevingar. Dei vaksne hadde ikkje lenger einerett på "vaksendramatikken", ein dør blei opna for barna. Slett ikkje eit eineståande tilfelle, men viktig å ta med som ein del av heilskapen i tilbodet vi gjev barn og unge. Ein skal passa seg vel for å gå for mykje denne vegen, men kombinasjonen av "dei vaksnes dramatikk", dramatikk skreve for barn og unge og ikkje minst det dei unge sjølv produserar er ein kombinasjonsform som vil skape ein arena for dei unge - som vi ikkje kan sei nei til.

Vestlandske Teatersenter sin store draum er denne permanente scenen i Bergen, for barn og unge. Det vil være ein inspirasjon, sosial møteplass og staden for å vise korleis teaterkunsten aleine og isaman med andre kunstformer kan være med å bidra til det heile mennesket. Ein permanent scene vil kunne tilby mangfoldet av uttrykksformer og gje rom for spanande samarbeid som teater, dans, musikk og billedkunst. Det som produserast frå ein fast arena, kan og nyttast i turneverksemda i Hordaland. Signaleffekten av at Bergen og Hordaland satsar seriøst på fast etablering av scenekunst for barn og unge er kun til det positive.

Vestlandske Teatersenter er klar til å drifta ein slik scene, er Bergen by og Hordaland fylke klar for utfordringa?

Frøydis Otre  
adm.leiar

## 2. MELDING FRÅ STYRET 2003

### Oppnådde resultat

Aktiviteten på Vestlandske Teatersenter har vore stor med blant anna følgjande satsingsområder:

- utvikling av den nye barne- og ungdomsleiar- utdanninga VETLU
- utvikling av ei kursrekke for museumspedagogar

Disse kursa er eit ledd i kompetanseheving for fagpersonell innan Den kulturelle skulesekken.

- produksjon av 17 ulike teaterframсыningar
- framсыninga "Rv 555" som var retta mot elevar i den vidaregåande skolen, og hadde 35 framсыningar på skoler i Hordaland og Rogaland.
- utarbeiding av to dramapedagogiske program for Vestlandske Kunstindustrimuseum som utgjør deira tilbod til barn og unge innafor Den kulturelle skulesekken.
- "Skolen eller livet" som tok opp spørsmål om etikk og verdiar var ei interaktiv teaterframсыning, der elevane gjekk inn i ulike roller saman med skodespelarane frå VT. Oppdragsgjevar var Statens Utdanningskontor i Hordaland.
- deltaking i den landsomfattande aksjonen TXT, ein leseaksjon som skal fremje leselysten hos barn og unge. Vi har kursa lærarar og elevar i formidling av tekst.
- arrangør av Vestlandsmeisterskap i teatersport
- vore vertskap for Norsk Amatørteaterråd sitt haustmøte.
- VTs representantar på den årlege Barne- og ungdomsteaterfestivalen på Stord var to klasser frå Teaterskolen som bidro med framсыning.

### Økonomi og personale

Etter fleire år med tunge økonomitak og flyttesjau mellom ulike lokale har 2003 vore prega av at VT no har fått fast fotfeste og er i framgang. Gjennom stram økonomistyring og innsparingstiltak har VT fått ein sunn økonomi. Det har kosta krefter, og gitt resultat. Rekneskapen for 2003 visar eit overskot på kr. 747 565,-. Omlag 500 000,- av desse midla er avsett til tiltak i 2004.

Ein betre økonomi og tilpassa organisasjon gjer VT handlingsrom til bla. den store satsinga for 2004 framсыninga "Hvem har tatt min venstre sko?" som skal spelast i Gamle Bergen Museum juni 2004.

### Vidare drift

Føresetnaden om vidare drift er til stades og lagt til grunn ved utarbeiding av årsrekneskapet.

### Lokalar

Barnas Hus har i ei vanskeleg stund vore ein god stad å vere. Men lokala er for tronge, ikkje minst for framсыningar og større produksjonar. VT må aktivt arbeide for på sikt å få høvelege lokale. Bergen treng ei eigen scene for barn og unge, og VT står klar til å drive eit slikt tiltak, gjerne i samarbeid med andre. Styret vil arbeide aktivt saman med Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune, organisasjonar og andre partnarar for å finne fram til seriøse prosjekt som kan realisere dette.

### Utfordringar

Opp igjennom åra har VT utvikla ein kompetanse innan formidling, pedagogikk og teater for barn og unge som er eineståande. Dette har vore drive fram gjennom ulike prosjekt i kompetansesenteret, og det har ofte vært prøvd ut med hjelp av elevane på teaterskolen. Styret ser det som særskilt viktig at det no leggst til rette for å utvikle denne profilen vidare, gjere denne kompetansen synleg for andre og finne dei gode partnarane som vi kan samarbeide med.

Å bygge ut samarbeid med andre profesjonelle teater- og kulturinstitusjonar i Bergen og på Vestlandet er ein prioritert oppgåve.

Ny strategiplan blir ferdig i løpet av 2004.

### Møteverksemd

Det var 8 styremøte samt Årsmøte i 2003.

### Arbeidsmiljø

VT hadde ein langtidssjukemeldt i 2003. Det har ikkje vore ulykker med personskadar. Arbeidsmiljøet vurderast som godt, og ingen spesielle tiltak er satt i gang.

### Ytre miljø

Aktivitetane til VT påverkar ikkje det ytre miljø.

Styret takkar alle tilsette, medlemmer, samarbeidspartnarar, Bergen Kommune og Hordaland Fylkeskommune for konstruktivt samarbeid.

Bergen, 19. februar 2004  
Styret i Vestlandske Teatersenter

---

Jo Høyen  
styreleiar

---

Berit W. Eldøy  
nestleiar

---

Berit Snøan  
styremedlem

---

Tormod Carlsen  
styremedlem

---

Beate Solvik  
styremedlem

---

Kristin Lie  
styremedlem

---

Frøydis Flotve  
styremedlem

### 3. REKNESKAP 2003

#### Resultatrekneskap

|                                     | Note | 2003             | 2002             |
|-------------------------------------|------|------------------|------------------|
| Driftsinntekter                     |      |                  |                  |
| Tilskot                             | 2    | 3 101 826        | 2 665 138        |
| Andre inntekter                     |      | 1 104 718        | 1 680 100        |
| Sum driftsinntekter                 |      | <u>4 206 544</u> | <u>4 345 238</u> |
| Driftskostnader                     |      |                  |                  |
| Lønskostnad                         | 4    | 1 808 049        | 2 322 382        |
| Avskrivning                         | 5    | 11 024           | 0                |
| Andre driftskostnader               | 5    | 1 648 126        | 1 719 815        |
| Sum driftskostnader                 |      | <u>3 467 199</u> | <u>4 042 197</u> |
| Driftsoverskot                      |      | <u>739 345</u>   | <u>303 041</u>   |
| Finansinntekter og finanskostnader  |      |                  |                  |
| Annan renteinntekt                  |      | 10 954           | 8 273            |
| Annan rentekostnad                  |      | 3 018            | 6 025            |
| Netto finansinntekter               |      | <u>7 936</u>     | <u>2 248</u>     |
| Årsoverskot                         |      | <u>747 281</u>   | <u>305 289</u>   |
| Overføringer:                       |      |                  |                  |
| Overført til/frå annan eigenkapital |      | 660 607          | 0                |
| Udekka tap                          |      | 86 674           | 305 289          |
| Sum overføringer                    |      | <u>747 281</u>   | <u>305 289</u>   |

## Balanse pr. 31. desember

|                                      | Note | 2003             | 2002           |
|--------------------------------------|------|------------------|----------------|
| Anleggsmidler                        |      |                  |                |
| Varige driftsmidler                  |      |                  |                |
| Inventar, verktøy, kontormaskiner ol | 5    | <u>37 460</u>    | <u>0</u>       |
| Finansielle eigendelar               |      |                  |                |
| Investering i aksjar                 |      | 1 000            | 1 000          |
| Andre fordringar                     |      | <u>5 000</u>     | <u>5 000</u>   |
| Sum finansielle eigendelar           |      | <u>6 000</u>     | <u>6 000</u>   |
| Sum anleggsmidler                    |      | <u>43 460</u>    | <u>6 000</u>   |
| Omlaufsmidler                        |      |                  |                |
| Fordringar                           |      |                  |                |
| Kundefordringar                      |      | 3 161            | 0              |
| Andre fordringar                     |      | <u>12 863</u>    | <u>65 096</u>  |
| Sum fordringar                       |      | <u>16 024</u>    | <u>65 096</u>  |
| Bankinnskot, kontantar og liknande   | 3    | <u>1 207 879</u> | <u>216 792</u> |
| Sum omlaufsmidler                    |      | <u>1 223 903</u> | <u>281 888</u> |
| Sum eigendelar                       |      | <u>1 267 363</u> | <u>287 888</u> |

# Balanse pr. 31. desember

|                             | Note | 2003             | 2002           |
|-----------------------------|------|------------------|----------------|
| Eigenkapital                |      |                  |                |
| Opptent eigenkapital        |      |                  |                |
| Eigenkapital                |      | 660 607          | 0              |
| Udekka tap                  |      | 0                | -86 674        |
| Sum opptjent egenkapital    |      | <u>660 607</u>   | <u>-86 674</u> |
| Gjeld                       |      |                  |                |
| Kortsiktig gjeld            |      |                  |                |
| Leverandørgjeld             |      | 19 928           | 755            |
| Skuldig offentlege avgifter |      | 139 991          | 112 558        |
| Annan kortsiktig gjeld      |      | <u>446 837</u>   | <u>261 249</u> |
| Sum kortsiktig gjeld        |      | <u>606 756</u>   | <u>374 562</u> |
| Sum eigenkapital og gjeld   |      | <u>1 267 363</u> | <u>287 888</u> |

31. desember 2003

19. februar 2004

---

Johannes Høyer  
Styreleiar

---

Berit Snøan  
Styremedlem

---

Beate Solvik  
Styremedlem

---

Kristin Lie  
Styremedlem

---

Berit W. Eldøy  
Styremedlem

---

Tormod Carlsen  
Styremedlem

---

Frøydis Flotve  
Styremedlem

---

Frøydis Otre  
Dagleg leiar

## Notar til rekneskapen for 2003

### Note 1 - Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

#### Inntekter

Inntektsføring ved salg av varer og tenester skjer på leveringstidspunktet.

#### Klassifisering og vurdering av balanseposter

Anleggsmidler er eigendelar meint til varig eige og bruk i verksemda. Anleggsmidler blir vurdert til kostpris, men blir nedskrivne til verkeleg verdi dersom ein ikkje forventar at verdifallet vil være forbigåande. Langsiktig gjeld blir balanseført til opptakskost. Omlaupsmidler og kortsiktig gjeld omfattar poster som forfell til betaling innan eitt år samt poster som knytter seg til varekrinslaupet. Andre poster er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Omlaupsmidler blir vurdert til lavaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til opptakskost.

#### Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppførte i balansen til pålydende.

### Note 2 - Tilskot

|                       | 2003             | 2002             |
|-----------------------|------------------|------------------|
| Norsk Amatørteaterråd | 901 372          | 868 138          |
| Kulturdepartementet   | 930 000          | 895 000          |
| Bergen Kommune        | 750 000          | 695 000          |
| Hordaland Fylke       | 261 000          | 695 000          |
| Folkeforbundet        | 259 454          | 0                |
| Sum                   | <u>3 101 826</u> | <u>2 666 138</u> |

### Note 3 - Bundne bankmidlar

Av innestående på bankkonti 31.12. er kr 70 942 bunde som tryggleik for skattetrekksmidler.

### Note 4 - Løn, godtgjersler, lån til tilsette m.m.

|                                 | 2003             | 2002             |
|---------------------------------|------------------|------------------|
| Lønnskostnader                  |                  |                  |
| Løn                             | 1 535 020        | 2 015 421        |
| Folketrygdavgift                | 268 113          | 265 829          |
| Andre ytingar                   | <u>4 916</u>     | <u>41 132</u>    |
| Sum                             | <u>1 808 049</u> | <u>2 322 382</u> |
| Gjennomsnittleg tal på tilsette | 5                | 5                |

## Notar til rekneskapen for 2003

|              |         |
|--------------|---------|
| Godtgjersler | Lønn    |
| Dagleg leiar | 269 416 |
| Styret       | 25 000  |

Revisor

Revisjonshonoraret for 2003 utgjer 14 000. I tillegg kjem andre tenester med 2 740. Alle beløp er inklusiv mva.

## Note 5 - Varige driftsmidler

|                               |                                                 |
|-------------------------------|-------------------------------------------------|
|                               | Inventar,<br>verktøy,<br>kontor-<br>maskiner ol |
| Driftsmidler kjøpt i året     | 48 484                                          |
| Kostpris 31.12.2003           | 48 484                                          |
| Akk. avskrivningar 31.12.2003 | 11 024                                          |
| Bokført verdi 31.12.2003      | 37 460                                          |
| Avskrivning i året            | 11 024                                          |
| Økonomisk levetid             | 3 år                                            |
| Avskrivningsplan              | Lineær                                          |

#### 4. REVISJONSMELDING

## 5. STYRET, VALNEMND OG REVISOR

### STYRET

|                         |                |                                                             |
|-------------------------|----------------|-------------------------------------------------------------|
| Styreleiar              | Jo Høyer       |                                                             |
| Styremedlem / nestleiar | Berit W. Eldøy | representant frå Hordaland Fylkeskommune / Hordaland Teater |
| Styremedlem             | Beate Solvik   | representant foreldra                                       |
| Styremedlem             | Berit Snøan    | representant SOF-Teater                                     |
| Styremedlem             | Kristin Lie    | Sotra Teaterlag                                             |
| Styremedlem             | Tormod Carlsen | representant frå Bergen Kommune                             |
| Styremedlem             | Frøydís Flotve | representant for dei tilsette                               |

### VARAMEDLEM

|                     |                                                 |
|---------------------|-------------------------------------------------|
| Edle Svendsen Lunde | vararepresentant for Berit Snøan og Kristin Lie |
| Hallvard Gomo       | vararepresentant for Beate Solvik               |
| Olav Johs. Skeie    | vararepresentant for Berit W. Eldøy             |
| Sverre Tvinneheim   | vararepresentant for Tormod Carlsen             |

Frå administrasjonen

(tale og forslagsrett, ikkje stemmerett): Annicke Gill Haukås og Frøydís Otre

### REVISOR

Alf Gunnar Bortne - Ernst & Young

### VALNEMND

Camilla Svingen  
Steinar Thorsen  
Marianne Hovda Gausvik

### VTs REPRESENTASJON

|                        |                     |                  |
|------------------------|---------------------|------------------|
| Hordaland Teater       | Annicke Gill Haukås | styremedlem      |
| Folkekulturforbundet   | Annicke Gill Haukås | vararepresentant |
| NAT, utdanningsutvalet | Annicke Gill Haukås | medlem           |
| NAT, Styret            | Frøydís Otre        | vararepresentant |

## 6. PERSONALET

VT hadde i 2003 5 fast tilsette og 2 sivilarbeidarar. Sivilarbeidarane avslutte sitt engasjement etter tur våren og hausten 2003.

| NAMN                                                               | TITTEL                                    | ARBEIDSOPPGÅVER                                                                                 |
|--------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Annicke Gill Haukås                                                | Kunstnarleg leiar                         | Kunstanerleg ansvar for drift og prosjekt .                                                     |
| Frøydis Otre                                                       | Administrativ leiar                       | Ansvar for administrativ drift, informasjon og pressekontakt.                                   |
| Frøydis Fløtve                                                     | Teaterpedagog og undervisningskoordinator | Underviser på Teaterskolen og held kurs. Medverkar i produksjonsutvikling og som skodespelar.   |
| Kristin Saltkjelvik                                                | Teaterpedagog og produksjonsansvarleg     | Underviser på Teaterskolen og held kurs. Medverkar som produksjonsutvikling og som skodespelar. |
| Camilla Svingen<br>svangerskapspermisjon frå 11.11.03 til 16.11.04 | Teaterpedagog                             | Underviser på Teaterskolen og held kurs. Ansvar for utlån av manus og medlemservice.            |
| Almin Suljevic<br>vikar for Camilla Svingen                        | Teaterpedagog                             | Underviser på Teaterskolen og held kurs. Ansvar for utlån av manus og medlemservice.            |

### FRILANSARAR OG TIMELÆRARAR 2003

Tormod Løvold

Marit Gjøen

Astrid Koppen Mjanger

Snimer Bhogal

Maria D. Stensvik Eriksen

Christian Teigland

Dag Olav Larsen

Elisabeth Dale

Lars Myhren Holand

Geir Olav Repål

Stig Holmås

Tom Harry Halvorsen

Irene Ahnèll

Johanne Magnus

Anna Blekastad Watson

Mona Langeland Norgård

Eldfrid Grepperud

Camilla Meyer Olsen

Jan Thue

Øydis Hoff

Margareth Hosøy

Erik Tveiten

Steinar Thorsen

Laila Kolve

Kathrine Heggstad

Marte Sverdrup Liset

Ingvill Rosenlund

Karina Hagesæter Nytnun

Marianne Grøtan Eke

Susann Bugge Kambestad

Silje Silden

Nina Østensen

Tor Martin Eriksen

Harald Midthun

Tarjei Vatne

Tone Solerød

## 7. AKTIVITETAR

### TEATERPRODUKSJONAR I REGI AV VESTLANDSKE TEATERSENER

|                                                                                                                  | *Antal aktørar / deltakare |      |        | Antal forestillinger | Publikumstall |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------|------|--------|----------------------|---------------|
|                                                                                                                  | Barn                       | Unge | Vaksne |                      |               |
| "Teater Ung" m/<br>framsyninga: "Gjør kunsten<br>nytte?"                                                         |                            | 12   |        | 1                    | 240           |
| "Gruppe 7" m/ framsyninga:<br>"Natta Bergen/ Helt<br>problemfritt"                                               |                            | 19   |        | 3                    | 115           |
| "Gruppe 5" m/framsyninga:<br>"Klovnelapskaus/saman er vi<br>sterke"                                              | 20                         |      |        | 2                    | 114           |
| "Gruppe 6" m/ framsyninga:<br>"På kafè"                                                                          |                            | 20   |        | 2                    | 110           |
| Barn frå 11 barnehagar i<br>Bergen kommune + elever frå<br>Teaterskolen m/ framsyninga:<br>"Bilder fra Bjørgvin" | 154                        |      |        | 1                    | 1000          |
| Barneskolane i Bergen<br>Kommune m/ framsyninga :<br>"Nøkkemannen"                                               | ca.1000                    |      |        | 1                    | ca. 1500      |
| "Gruppe 1" m/ framsyninga:<br>"Foajé"                                                                            | 15                         |      |        | 1                    | 43            |
| "Gruppe 2" m/ framsyninga:<br>"Entré"                                                                            | 15                         |      |        | 1                    | 54            |
| "Gruppe 3 og 4" m/<br>framsyninga: "Så lenge<br>svalene flyg"                                                    | 40                         |      |        | 4                    | 420           |
| "Teater Ung" m/<br>framsyninga: "Venterommet"                                                                    |                            | 12   |        | 2                    | 120           |
| "Teater Xit" m/ framsyninga:<br>"RV 555"<br>Turné i Hordaland og<br>Rogaland                                     |                            | 3    | 1      | 35                   | 2930          |
| Skodespelarar frå VT m/<br>framsyninga "Skolen eller<br>livet?"                                                  |                            |      | 2      | 9                    | 540           |
| Skodespelarar frå VT m/<br>framsyninga: "Fargeklatten"<br>for 1 - 3 åringar                                      |                            |      | 2      | 15                   | 510           |
| Skodespelarar frå VT m/<br>framsyninga: "Orgelsprell"                                                            | 2                          |      | 1      | 2                    | 100           |
| Skodespelarar frå VT m/<br>framsyninga "Tor med<br>hammaren"                                                     |                            |      | 1      | 16                   | 960           |
| "Teater Ung" m/<br>framsyninga: "Pusteøvelse"                                                                    |                            | 17   |        | 1                    | 100           |
| Samtlege elever ved<br>Teaterskolen m/ framsyninga:<br>"Krystallslottet"                                         | 89                         | 57   |        | 1                    | 1000          |
| TOTALT                                                                                                           | 1335                       | 140  | 7      | 97                   | 9856          |

## SENTRALE KURS 2003

| Kurstema / tittel                       | Sted                               | Dato              | * Antal deltakare |      |        | Antal timer | Antal døgn |
|-----------------------------------------|------------------------------------|-------------------|-------------------|------|--------|-------------|------------|
|                                         |                                    |                   | Barn              | Unge | Vaksne |             |            |
| Sminkekurs                              | Høgskolen i Bergen                 | Januar/februar    |                   |      | 30     | 13          | 2          |
| Regi- og instruksjonskurs               | Rosendal                           | Januar            |                   |      | 13     | 12          | 2          |
| Drama med kor                           | Nordnes sangkor                    | Februar / mars    | 15                |      |        | 10          | 3          |
| Regi- og revykurs                       | Rubbestadneset skole               | Mars              |                   |      | 5      | 12          | 2          |
| Sminkekurs                              | Hjelmestad teaterlag               | Februar           |                   |      | 8      | 9           | 2          |
| Sminkekurs                              | Bergen Lærerhøgskole               | Mars              |                   |      | 30     | 8           | 2          |
| Sminkekurs                              | Byrknes teaterteam                 | April             |                   | 4    |        | 3           | 1          |
| Teaterskolen for barn og unge, gruppe 1 | VT, Bergen                         | Januar / Mai      | 17                |      |        | 22,5        | 15         |
| Teaterskolen for barn og unge, gruppe 2 | VT, Bergen                         | Januar / mai      | 16                |      |        | 30          | 15         |
| Teaterskolen for barn og unge, gruppe 3 | VT, Bergen                         | Januar / mai      | 18                |      |        | 40          | 20         |
| Teaterskolen for barn og unge, gruppe 4 | VT, Bergen                         | Januar / mai      | 20                |      |        | 40          | 20         |
| Teaterskolen for barn og unge, gruppe 5 | VT, Bergen                         | Januar / mai      | 20                |      |        | 36          | 18         |
| Teaterskolen for barn og unge, gruppe 6 | VT, Bergen                         | Januar / mai      |                   | 20   |        | 36          | 18         |
| Teaterskolen for barn og unge, gruppe 7 | VT, Bergen                         | Januar / mai      |                   | 20   |        | 60          | 20         |
| Teaterskolen for barn og unge, gruppe 8 | VT, Bergen                         | Januar / mars     |                   | 14   |        | 60          | 20         |
| Formidling av Kinesiske eventyr         | Vestlandske Kunstindustri-museum   | Februar           |                   |      | 5      | 16          | 3          |
| Idé- og inspirasjonskurs                | Myrane barnehage                   | Mars              |                   |      | 14     | 3           | 1          |
| Bilder fra Bjørgvin                     | Barnehage-ansatte i Bergen kommune | Februar           |                   |      | 12     | 8           | 2          |
| Formidling, tema Buddha                 | Vestlandske Kunstindustri-museum   | August/september  |                   |      | 5      | 30          | 6          |
| Kurs i formidling, Leseaksjonen         | Sotra vgs.                         | september/oktober |                   | 60   |        | 6           | 1          |
| Kurs i formidling for lærerarar TXT     | Bergen kommune                     | oktober           |                   |      | 80     | 6           | 1          |
| Idé og inspirasjonskurs                 | Nykirken menigh.barne-hage         | september         |                   |      | 15     | 3           | 1          |

## SENTRALE KURS 2003, forts.

| Kurstema/tittel                         | Sted       | Dato            | * Antal deltakere |      |        | Antal timer | Antal døggn |
|-----------------------------------------|------------|-----------------|-------------------|------|--------|-------------|-------------|
|                                         |            |                 | Barn              | Unge | Vaksne |             |             |
| Sminkekurs                              | Breistein  | oktober         |                   | 30   |        | 6           | 1           |
| Teaterskolen for barn og unge, gruppe 1 | VT, Bergen | sept./desember  | 15                |      |        | 25,5        | 17          |
| Teaterskolen for barn og unge, gruppe 2 | VT, Bergen | sept. /desember | 15                |      |        | 34          | 17          |
| Teaterskolen for barn og unge, gruppe 3 | VT, Bergen | sept./desember  | 18                |      |        | 34          | 17          |
| Teaterskolen for barn og unge, gruppe 4 | VT, Bergen | sept./desember  | 21                |      |        | 34          | 17          |
| Teaterskolen for barn og unge, gruppe 5 | VT, Bergen | sept./desember  | 20                |      |        | 34          | 17          |
| Teaterskolen for barn og unge, gruppe 6 | VT, Bergen | sept./desember  |                   | 20   |        | 34          | 17          |
| Teaterskolen for barn og unge, gruppe 7 | VT, Bergen | sept./desember  |                   | 20   |        | 48          | 16          |
| Teaterskolen for barn og unge, gruppe 8 | VT, Bergen | sept./desember  |                   | 17   |        | 60          | 20          |
| TOTALT                                  |            |                 | 195               | 175  | 217    | 773         | 314         |

## VERDIDEBATT - SKOLEN ELLER LIVET?

Vestlandske Teatersenter fekk hausten 2002 pengar frå Statens Utdanningskontor i Hordaland til prosjektet "Verdidebatt i skolen" som skulle gjennomførast i første del av 2003. Målgruppa var ungdom i siste trinn på ungdomsskolen og første trinn på vidaregåande. Teaterpedagogane utarbeidde manus og medverka som skodespelarar. Kunstnarisk leiar la regi. Det ferdige opplegget skulle stimulere lærarar, foreldre, nærmiljø og dei unge sjølv til å fokusere på verdiar, haldningar og miljø som bør prege skolekvardagen.

Temaet vi fokuserte på vart - menneskeverd og søken etter eigen identitet -. Korleis hjelper skolen ungdommane til å utvikle og skape eigen identitet? Vi laga eit lite rollespel med utgangspunkt i Rune Belsvik si bok Naken gut samt nokre dikt. Etter rollespelet vart elevane invitert til å delta i ein paneldebatt.

Premieren var 17. mars 2003. 9 framsyningar vart gjennomført i perioden 17. mars – 25. mars 2003.

## TXT-AKSJON OG LESESTAFETT

På oppdrag frå Hordaland Fylkesbibliotek deltok ein representant frå VT på to halvdagsseminar for lærarar og skulebibliotekarar om TXT-aksjonen. Det eine seminaret var i Bergen og det andre i Norheimsund.

Lesestafetten er eit landsomfattande leseprosjekt der unge les for yngre. 2 klassar frå Sotra vidaregåande skule deltok i prosjektet. Målet med Lesestafetten er å stimulere til leselyst blant unge ved å la rollemodellar formidle tekstar som har gjort inntrykk på dei. Representant frå VT gav ulike tips til formidling av tekst til elevane.

## MUSEUMSFORMIDLING

VT har fleire gonger hatt drama og teaterprosjekt knytt til ulike museum. I 2003 har vi hatt to ulike samarbeid med Vestlandske Kunstindustrimuseum. Det eine var retta mot barneskoletrinnet, og omhandla kinesiske eventyr, det andre var formidling av Buddah for ungdomsskolen. VT hadde kurs for museumsdagane.

Våren 2003 utarbeidde vi ei eiga kursrekke i drama og teatermetodar for museumsformidlarar. For barn og unge er opplevinga viktig for læring og refleksjon, vi har derfor utforma eit kurstilbod som nettopp tek sikte på å gje museumsformidlarane enkle verkty som kan brukast for å skape magiske møte mellom barn og museum.

Kursrekkja er samansett av 4 12-timars kurs. Kursa byggjer på kvarandre, og skal munne ut i prosjektarbeid på det einskilde museum.

1. Improvisasjon og rollearbeid
2. Munnleg forteljing
3. Dramaforløp
4. Prosjektarbeid og Den kulturelle skulesekken

Vi fekk ikkje nok påmelde til kursrekkja hausten 2003, så det vart utsett til 2004.

## VETLU

I løpet av desember 2003 fekk vi ferdigstilt den nye versjonen av kursrekkja; VETLU: Vestlandske Teatersenter si teaterleiarutdanning. Den går over 8 modular med til saman 96 undervisningstimar.

VETLU rettar seg mot teaterleiarar og teaterinstruktørar, som arbeider med barn og unge i skolealder (6-18 år), i skolen, kulturskolen eller innan det frivillige kulturliv. VETLU er eit desentralisert tilbod til teaterinteresserte i heile landet. Vi vil starte opp nye kurs i 2004.

## TEATERSKOLEN

Teaterskolen hadde i 2003 til saman 150 elevar fordelt på 8 grupper. Vårsemesteret hadde kvar gruppe eigne produksjonar. Vi hadde framsyningar på Barnas Hus, på Ungdomshuset 1880, og på Barne- og ungdomsteaterfestivalen på Stord. Haustsemesteret var retta inn mot Teaterskolen sitt 15-årsjubileum i desember.

## FRAMSYNINGAR

Teatertilbodet vårt i år har hatt ei spennvidde frå dei nesten nyfødde til dei nesten vaksne. "Fargeklatten" har vore svært populær blant dei yngste. "Tor med hammaren" er retta mot barn frå 4-10 år, mens "Rv. 555" er laga for vidaregåande skole.

### Tor med hammaren

Dette er ei framsyning som sidestiller skodespelar og dokker. Stoffet er henta frå norrøn mytologi, mens framstillingsforma er inspirert av barns eigen lek med dokker. Etter premieren i oktober har vi spelt 16 framsyningar på huset. Pågangen frå skolar og barnehagar har vore stor, og hadde kapasiteten på huset vore større kunne vi nok ha spelt mange fleire. Vi planlegg fleire framsyningar i 2004, men då lyt Tor dra på turne både i Bergen og i resten av fylket.

### Rv. 555 med gruppa Xit.

Denne framsyninga er eit bestillingsverk frå Statens Vegvesen, avd. Hordaland. Tema "villmannskøyning" har stort fokus i førebyggjande tiltak både hos politi og vegvesen. Andre turneen til gruppa Xit vart kobla saman med ei anna stor kampanje frå vegvesenet, "Sei ifrå!" kampanjen.

Rv 555 er skriva av forfattaren Eirik Tveiten i nært samarbeid med fire ungdomar. Saman har dei improvisert fram handling og scener på golvet. Sjølv om dette var eit bestillingsverk frå Statens Vegvesen, er innhaldet heilt og haldet basert på gruppas eige arbeid. Videoopptaka som nyttas i framsyninga er med på å fargeleggje og gje karakter til handlinga. Rv. 555 handlar om villmannskøyning blant ungdom og rettar seg mot vidaregåande skole. Etter framsyninga inviterar dei fire unge skodespelarane til paneldebatt om fart og risiko. Dei 35 framsyningane har vort svært godt motteke både i Hordaland og Rogaland.

## SAMARBEIDSPARTNARE

- Statens vegvesen, avd. Hordaland
- Hordaland Fylkesbibliotek
- Statens utdanningskontor
- Bergen Kunstindustrimuseum
- Barnas Hus

## TIDSSKRIFT OG INFORMASJON

- Informasjonsbladet "VT-Kornet", 2 nummer i året
- Brosjyre om Vestlandske Teatersenter
- WEB-sider

## ANDRE DRAMA- OG AMATØRTEATERTILTAK

- Vestlandsmeisterskapet i Teatersport
- Deltaking på Barne- og ungdomsteaterfestivalen på Stord
- Deltaking på Kulturkonferansar i regi av Hordaland Fylkeskommune
- Haustmøte til NAT (Norsk Amatørteaterråd)

## 8. VEDTEKTER FOR VESTLANDSKE TEATERSENTER

### §1 Formål

- a) Vestlandske Teatersenter (heretter forkorta til VT) skal vere eit kompetanse og opplæringscenter for teater, med særskilt ansvar for barn og unge.
- b) VT skal auke kunnskapen om teater og drama gjennom kurs og utdanningstilbod.
- c) VT skal arbeide for god scenekunst, fremje ny norsk dramatikk.
- d) VT har ansvar for å ta vare på nynorsk språk og talemål.
- e) VT med sete i Bergen skal ha sine hovudaktivitetar i Hordaland og på Vestlandet. På område der ein har særskilt kompetanse skal VT ha heile landet som verkefelt.

### § 2 Medlemskap

- a) VT er ein frivillig organisasjon der einskildpersonar, frivillige lag, offentlege og private verksemdar kan vere medlemmar.
- b) Elevar på Teaterskolen under 15 år kan representerast av ein av foreldre/føresette med ei røyst på årsmøtet. Foreldre/føresette som representerar sine barn har berre ei røyst uavhengig av Antal barn dei har på Teaterskolen
- c) Medlemmane har røysterett på årsmøtet etter følgjande nøkkel: Einskildpersonar over 15 år, ei røyst. Frivillige lag har to røyster; offentlege og private institusjonar tre røyster.
- d) For å ha røysterett må kontingenten vere innbetalt seinast 30 dagar før årsmøtet.
- e) Utsendingar frå frivillige lag, offentlege og private institusjonar må dokumentere representasjonsretten sin med fullmakt.

### § 3 Årsmøtet

- a) Årsmøtet er høgaste organet i VT
- b) Årsmøtet skal haldast innan utgangen av april månad kvart år
- c) Røysterettar og fullmakter for delegatane til årsmøtet er definert i paragraf 2
- d) Kvart årsmøte avgjer om det er saker der det skal gjerast avgrensingar i røysteretten.
- e) Framlegg frå medlemmane til saker som skal opp på årsmøtet må vere kome inn til administrasjonen/styret innan 1. februar.
- f) Innkalling til årsmøtet skal kunngjerast til medlemmane seinast 30 dagar før møtet vert gjennomført.
- g) Innkallinga skal innehalde: Dagsorden og naudsynt skriftleg underlagsmateriale til dei sakene som skal handsamast på årsmøtet.
- h) Årsmøtet kan berre handsame dei sakene som er nemnt i innkallinga.
- i) Følgjande saker skal handsamast på eit ordinært årsmøte:
  - Årsmelding og revidert rekneskap.
  - Fastsetje medlemskontingent for neste år.
  - Handlingsplan og budsjett for neste år.
  - Val.
- j) Årsmøtet skal velje:
  - Styreleiar for eitt år
  - ein styremedlem og ein vararepresentant blant medlemmane for ein valperiode på to år slik at ein styremedlem og vararepresentant står for val ved kvart årsmøte.
  - ein styremedlem med personleg vara som representerer foreldre til elevane på Teaterskolen for ein valperiode på to år.
  - tre medlemmar til valnemnda for eitt år
- k) revisor for rekneskapen når det er turvande.
- l) Alle saker på årsmøtet; med unntak av vedtektsendingar, kan avgjerast med enkel majoritet.

### § 4 Ekstraordinært årsmøte

- a) Det skal innkallast til ekstraordinært årsmøte dersom det blir kravd frå: ordinært årsmøte, styret eller minst 1/3 av medlemmane.
- b) Innkallinga skal skje med minst 14 dagars varsel.
- c) Ekstraordinært årsmøte skal berre handsame dei sakene som er sett opp i innkallinga.

## § 5 Styret

- a) Styret er på 7 personar.
- b) Styret er samansett slik:
  - Styreleiar og to representantar som er valde av eit årsmøte.
  - Ein representant frå foreldra til elevane ved Teaterskolen og som er vald på eit årsmøte.
  - Ein representant peika ut av Hordaland Fylkeskommune.
  - Ein representant peika ut av Bergen kommune.
  - Ein representant peika ut av dei tilsette.
- c) Dei oppnemnde medlemmene frå Hordaland Fylkeskommune, Bergen kommune og dei tilsette har personleg vara,
- d) Det står fritt for fylket og kommunen til å endre på representasjonen når det høver for dei, utan omsyn til årsmøte i VT.
- e) Styret er vedtaksført når minst 4 medlemmer er til stades.
- f) Styret har ansvar for å leie laget i samsvar med vedtektene og dei vedtak årsmøtet gjer.
- g) Styret skal seg imellom velje nestleiar og oppnemne eit Arbeidsutval, og gje Arbeidsutvalet naudsynte fullmakter.
- h) Dei tilsette sin representant i styret skal vere med i Arbeidsutvalet.
- i) Ved likt røystetal har styreleiar rett til å nytte si dobbelrøyst.

## § 6 Økonomi, forvaltning og revisjon

- a) Rekneskapen i VT følgjer kalenderåret
- b) Styret har ansvar for at rekneskapen vert bokført etter godkjende prinsipp.

## § 7 Vedtektsendringar

- a) Framlegg til endringar i vedtektene må vere styret/administrasjonen i hende seinast 1 februar.
- b) Framlegg til endringar i vedtektene skal sendast ut til medlemmane seinast 30 dagar før årsmøtet.
- c) Endringar i formåls- og endrings- og oppløysingsparagrafen (§1, § 7 og §8) krev ¾ fleirtal på eit årsmøte.
- d) Andre endringar i vedtektene krev 2/3 fleirtal på eit årsmøte.
- e) Endringane trår i kraft frå det tidspunktet som årsmøtet fastset.

## § 8 Oppløysing

- a) Framlegg om oppløysing av VT krev ¾ fleirtal på to påfølgjande årsmøte; eitt av desse skal vere ordinært årsmøte.
- b) Dersom det vert gjort gyldig vedtak om oppløysing, skal det oppnemnast eit avviklingsstyre, som i samråd med Hordaland Fylkeskommune skal arbeide for at eventuelle midlar som måtte vere til overs vert nytte til beste for kulturtiltak på Vestlandet etter føremålet som VT har arbeidd for.

---000---